



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Påsen 1979

33. årg.



*Eit år
på
folkehøg-
skule?*

Ase Kristin Rønhovde frå
Stanghelle i snøhaugen utan-
for Fredheim folkehøgskule,
Rognan. Sjå side 4.

VELSIGNA PÅSKEHØGTID

PÅSKE

Heil deg, purpurkleddde Frelsar, Høge hyllingskvad deg helsar!
Guádomsstore syndesonar, Atterløyste millionar
Kysser dine naglesår.

Heil deg, Krist, som opp har stade! Livsens lovsong, sigerskvadet
Gav du oss. Du døden døydde, makta hans du braut og øydde
Då du fager steig or grav.

Under korset der er kvila, Attved grava englar smila,
Ævelivet dyrt er vunne, Paradiset atter funne.
Heil deg, høge himmeldrott!

Nils Lavik



Faste for vår neste

Lucia Gebremaria med sitt barn er ein av dei mange som på ymse vis vil få hjelp ved Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Ho er flyktning i sitt eige land Eritrea — dreven på flukt av bombing og krig. Det er hundretusener med henne. Med midler frå fasteaksjonen i år vil Kirkens Nødhjelp halda fram med sitt katastrofeprogram blant dei ulukkelege menneska som Lucia. Det er rimeleg å tenna eit håp i Eritrea — ein matrasjon med matkorn kostar 40 øre.

Me her i Vaksdal vil og i år vera med i dette viktige arbeidet. Vonar du har fått deg ei fastebøsse. Dei vil verta samla inn i alle kyrkjer like før Påske. Dale og Vaksdal kyrkje den 1. april
Stamnes og Nesheim kyrkje den 8. april
Bergsdalen den 12. april
Eidsland den 16. april
Flatekval den 13. april.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Magne Steinnes

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle
og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 572 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese & Co. Trykkeri
5610 Øystese. — Tfn. 55045

Han var mykje nytta til å leia minnehøgtid til begravelsar. Han vart mykje sakna då helse svikta for nokre år sidan. Han hadde mange livsyrke. Laks- og brislingefiske, også sjelje-graving. Han var vegarbeidar, og dreiv ein del smedyrke, og han vyrsla vel om hus og heim med eit velstelt småbruk. Me som hadde kontakt med han og elles naboar, har eit sers godt minne om denne fredsele mann.

Vener.

MINNE

SIGURD KALLESTAD

Sigurd Kallestad er død litt over 80 år gamal. Som ung gjekk han på Frekhaug kristeleg ungdomsskule, og som ung fekk han også sjå det kristne livssyn som livgjevande for heile livet.

Han var svært lett å koma på talefot med, anten det no var det kristne budskap eller det som elles rørde seg i tidi. Han hadde vanlegvis eit godt og ljost humør, med smil og gode ord. Seinare år måtte han bruka stav, og det var ikkje alltid lett å koma opp *kleivi* til kyrkja. Han var ein trugen kyrkjegjengar like til det siste.

Han hadde svært godt minne spesielt frå eldre tider. Blandt andre livsyrke var han også notbas mange år på brislingefiske.

Han var mykje hjelpsom med den som trong ei hjelpande hand, spesielt merka ein dette før han måtte ta seg meir av sin eigen familie, men også seinare når det høvde slik. Han var svært glad i barn og barnebarn og me som elles kom i kontakt med han vil minnast han som ein folkets mann og god ven.

Vener.

RAGNVALD HAGEN

TIL MINNE



Ragnvald Hagen, Stamneshella er gått bort 85 år gamal. Han kom til liv i Gud i 25 års alderen, og fekk kall å gå inn i det kristelege arbeid både i kyrkja og misjonsarbeid. I kyrkja hadde han dei forskjellige tillitsverv som han røkta ansvarsbevisst og fint i mange år.

Han var medhjelpar, like eins klokkekar, og i tillegg til dette var han også gravar. Han var den sjølvsagde mann til å leia dei kristelege møter og forkynna Guds ord. Han gjekk på bibelskulen i Bergen.

Frå orgelkrakken

Månadskonsertane tek til igjen i Dale Kyrkje.

Konserttilbodet i Dale Kyrkje for våren 1979 er no heilt klart. Vi startar måndag 19. mars med ein rein orgelkonsert. Sjå omtale. Det ein vil be folk leggje spesielt merke til er at til slutt i konserten vil Domorg. Leo Krämer improvisere over eit tema laga spesielt for denne konserten av organist Ragnvaldsen. Framgangsmåten er at temaet består av t.d. 4 taktar, einstemmig, og så lagar den som improviserer resten av komposisjonen mens ein spelar.

I april er det Dale Mannskor som har månadskonserten lagt opp som ein musikkandakt med skriftlesingar

og korsongar til skriftlesingane. Vi har kalla temaet: «Frå Palmesundag til 1. Påskedag».

I mai vitjar heile Harmoniens orkester Dale Kyrkje. Dette er ein konsert som vert gjeven i samband med Dale Fabrikker sitt 100 årsjubileum og ein lekk av jubileumsfeiringa.

Siste konsert før ferien vert «Festspelkonsert» i Dale Kyrkje. Denne gong skal og lokale krefter medverka. Ei messing-blåsegruppe frå Dale Musikkf. og organist L. Ragnvaldsen vil spela musikk for messing-blåsarar og orgel. Vi vonar så at folk vil ta godt i mot konserttilbodet og det gjer ein best ved å møte fram.

KRISTEN FOLKEHØGSKOLE — noe for deg — eller for dine barn?

Vi lever i et utdanningsamfunn. Skoleverket er utbygd i et tempo og i et omfang som kan imponere, ved en overflatisk betraktning. Likevel er det mange som med sorg ser på at kristen kunnskap og kristen ånd er på veg ut av den offentlige skolen. Således er den videregående skolen uten klar kristen formålparagraf, og har vært det siden 1974. Dette er med på å gjøre den kristne skolen i vårt land mer strategisk enn noensinne.

Fredheim Folkehøgskole er en av de 89 folkehøgskoler i landet. Sammen med 37 andre av disse skolene har Fredheim tilknytning til Noregs Kristelege Folkehøgskolelag. Det er Indremisjonen i Nordland som eier

og driver skolen, som har de vanlige tilskott fra stat og fylke.

Hva har Freheim som folkehøgskole å tilby i mylderet av skoletilbud til de unge i dag? To særtrekk ved folkehøgskolen peker seg klart ut som middel til å overføre de verdier skolen ser som vesentlige for et fullverdig menneskeliv:

- 1) Internatlivet, som en integrert del av skolens liv og arbeid.
- 2) Folkehøgskolens pedagogiske frihet.

Den største utfordring til elevene på folkehøgskolen opplever de trolig i internatsammenheng. Der kommer de hverandre nær innpå livet, med forskjellig heimeforhold og miljøbakgrunn som de har. Alt dette gjør at

det må vises respekt og tas hensyn. Men er det ikke slik de fleste opplever livet utenfor skolen også? Det er ikke som yrkesutøvere vi møter de største vanskene. Er det ikke som ektefeller, som foreldre, som kollega og arbeidskamerat, kort sagt som menneske til menneske, er det ikke der vi oftest kommer til kort?

Den pedagogiske frihet skoleslaget har gjør at det på en egen måte kan sette den enkelte elev i sentrum, og se den enkelte elev som et mål for sitt arbeid. Målet er ikke en eksamen på grunnlag av et pensum, men at eleven får utvikle de evner han har og oppleve seg sjøl verdifull i samvær og samvirke med andre.

Fredheim Folkehøgskole ligger på Rognan i Saltdal, blei nyreist der i 1970 med plass til 108 elever på internatet. Hvert år er det 90—100 elever fra Nordland fylke og 10—12 fra resten av landet på skolen. En ny skoleplan gir orientering om de fem linjene skolen har, om emnegrupper, valgfag, kostnad, stipend o.s.v.

Helsing frå Vaksdal sokneråd

Me er no ferdige med det første året i vår fire års bolk. På første møte i det nye året, var me einige om at det måtte verta gjenvalg på form. Jacob Kalleklev og nestform. Albert Tolås.

Ser me tilbake på året som er gått, so har soknerådet hatt 8 møter i 1978 — og behandla 44 saker.

Langt frå alle saker fekk den løysinga som me ynskte. — For eks. slik som det at fam. Steinnes måtte flytta til Dale. — Alle sokneråda i kommu-

nen — og mykje av folket elles — gjekk inn for at dei måtte få fortsetja å bu på Vaksdal. Men i Vaksdal heradstyre vart det «knepet fleirtal» for det motsatte. Og ut på sommaren fekk me brev frå Kyrkje- og Undervisningsdepartementet — om at Steinnes måtte flytta til Dale ...

Av praktisk arbeid som er utført, kan me nemna at sakristiet er vorte fint opp-pussa. Ny belysning og nye møblar håpar me, må koma snart. Det trongst ei vøla — etter ei brukstid på ca. 45 år.

1. okt. fekk me ynskja den nye res. kap. Lofthus, velkomen til Vaksdal, og til prestetenesta her mellom oss.

Elles er det to saker som er «gjen-gangarar» på mange av soknerådsmøta — og har vel vore det dei siste 15-20 åra. — Det er høgtalar-anlegget og veien opp til kyrkja. Håpar me nærmar oss løysinga no.

Forhandlingsnemnda (på 3 personar) — for veggrunnen opp til kyrkja — ventar på reguleringsplanen for Vaksdal — so dei kan koma i gang med sitt arbeid. Slik at alt kan bli klart, til det kan takast til med arbeid (i beste fall) neste år ???

Siste året vart 14 av våre medvandrara her på jord — borne ut frå kyrkja her — for siste gong. — Me bøyer våre hovud, og lyser fred over deira minne.

Søndagsskulen og førskulen har vore i sving gjennom året. Likeeins har ungdomskoret «Fides» og kyrkjekoret hatt sine faste øvingar i kyrkja. Me er glade for alle som samlast i kyrkja, og ynskjer dei lukke til vidare — men der hadde nok vore plass til fleire. —

Det har vore ein 25-30 gudstenester i året. Kyrkjelyden har gitt i offer og

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, telefon 2421	Frå	Til
Måndag, tysdag, onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30

VAKSDAL, telefon 3605	Frå	Til
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00

STAMNES, telefon 8015	Frå	Til
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

Dale Handelsforening Dalekvam

TOMAS UTSKOTT SKOFORRETNING Dalekvam

Vaksdal koop. Handelslag VAKSDAL

Telefon: Kontor 3712. Snarkjøp 3710,
Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN ¼

Tlf. 2240 DALEKVAM
RADIO - TV
Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER
EIDE & PETERSEN ¼
Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse
Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG
Ass. Landhandel og Bakeri
FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal
KVIKKBAR
Dalekvam
Tfn. 2161 — 2112

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

Dale:

Marlyn Ramstad f. 28.10.78, døypt 7.1.79.

Jorunn Berg f. 30.10.78, døypt 4.2.79.
Marie Benedikte Steinnes f. 18.12.78, døypt 4.2.79.

Merethe Hatlestad f. 27.11.78, døypt 25.2.79.

Maren Sellevold f. 16.11.78, døypt 4.3.79.

Vaksdal:

Tommy Fosse, f. 15.11.78, døypt 28.1.79.

Silje Erstad Herfindal, f. 26.10.78, døypt 28.1.79.

Stian Hammersland, f. 30.9.78, døypt 10.2.79. (Storetveit k.)

Monica Anette Kjøndal, f. 4.9.79, døypt 11.2.79. (Slettebakken k.)

Stamnes:

Marie Bolstad, f. 29.1.79, døypt 2.2.79. (Haukeland sykehus).

Ruben Lilletvedt, f. 15.12.78, døypt 4.3.79.

VIGDE:

Dale:

Gunnar Rene og Mary Olava Harde-land, vigde 24.2.79. (Stord kyrkje).

Kurt Jarle Nottveit og Rigmor Faugstad, vigde 3.3.79.

AVLIDNE:

Dale:

Berger Emil Seim, f. 20.10.1893, d. 3.2.79, gravlagd 9.2.79.

Ragnhild Stokke, f. 14.11.1892, d. 26.1.79, gravlagd 2.2.79.

Astrid Langhelle Ekanger, f. 4.10.1909, d. 20.2.79, gravlagd 24.2.79.

Solveig Sellevold, f. 25.5.1899, d. 3.3.79, gravlagd 9.3.79.

Klara Olufine Fossmark, f. 16.10.1911, d. 7.3.79, gravlagd 14.3.79.

Vaksdal:

Margit Th. Boge, f. 12.9.1899, d. 1.2.79, gravlagd 8.2.79.

Stamnes:

Harald H. Vik, f. 24.5.1911, d. 31.1.79, gravlagd 7.2.79.

Ragnvald Hagen, f. 15.1.1894, d. 24.2.79, gravlagd 3.3.79.

Sigurd Kallestad, f. 25.11.1898, d. 4.3.79, gravlagd 10.3.79.

Eidsland:

Olav Olsen Nese, f. 24.1.1905, d. 22.2.79, gravlagd 2.3.79.

KRISTUS

Luk. 23:34-38

*Da Kristus på korset på Golgata
for våre synder led*

*ropte mengden, og hånte ham:
bevis hvem du er, stig ned!*

*Men Herren Krist tålte hån og spott,
han ba for de stakkarer der:*

*Far, skjenk dem tilgivelse, tilgi dem,
de vet ikke hvem jeg er!*

*Far, la ikke min vilje skje, men din,
ba han i Getsemane.*

*Han selv skulle være et offerlam
på Golgata's rettersted.*

*Hans blod farget korsets treverk rødt,
nå visker det synden ut.*

*En døde for alle, og vi har fått
et evighetshåp av Gud.*

*Den dagen vil komme da syndens bør
blir tung og du tvinges i kne.*

*Da står det en skikkelse for Guds dør
som sakte begynner å be.*

*Han roper ei, bønner er taus og varm,
han ber Gud om å lette din bør.*

*Han sier så, Far, du må tilgi dem
de vet ikke hva de gjør.*

Kirsten Solli

Velkommen til kyrkje

5. *sundag i faste, 1. april. (Joh. 11,47-53):*

Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene-
ste ved sokneprest Totland. Offer til Kirkens
Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser. Song
av barnekoret.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene-
ste ved sokneprest Steinnes. Offer til Kir-
kens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.
Song av born.

Palmesundag, 8. april. (Joh. 12,1-13):

Stammes kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene-
ste ved Marit Bjellås og sokneprest Stein-
nes. Offer til Kirkens Nødhjelp. Innsam-
ling av fastebøssene. Song av born.

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Familiegudstene-
ste ved forst. Audun Tang. Offer til Kir-
kens Nødhjelp. Innsamling av fastebøsser.

Skjærtorsdag, 12. april. (1. kor. 10,16-17):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.
Nattverd.

Bergsdalen kl. 11.00. Forst. Audun Tang.
Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 19.00. Ungdomsgudste-
neste ved Knut Lein. Nattverd.

Langfredag, 13. april. (Mt. 26,30-27,50):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Stiftskapellan
Hans Hole. Nattverd. Offer til Fagertun
leirstad. Unge tek del.

Stanghelle bedehus kl. 18.00. Sokneprest
Steinnes.

1. Påskedag, 15. april. (Matt. 28,1-8):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.
Offer til NMS.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Tot-
land. Offer til Misjonssambandet.

2. Påskedag, 16. april (Luk. 24,13-35):

Stammes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd. Offer til Indremisjonen.

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Stiftskapellan H.
Hole. Nattverd. Offer til Misjonssamban-
det

1. søndag e. Påske 22. april (Joh. 20,19-31)

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.
Nattverd.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Sekretær Svein
Bjellås og soknepr. Steinnes. Nattverd.

2. søndag e. Påske, 20. april (Joh. 10,11-16)

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Sokneprest Stein-
nes. Eksingedalen bl. kor syng. Offer til
NMS.

SUNDAG ER KYRKJEDAG!

Sjå og kunngjering i Vaksdalnytt.

HELSING — Framhald frå side 5

kollektar kr. 23.774,—. Gud velsigne
alle glade gjevarar.

Til slutt: Har DU nytta alle høva
du har hatt — til å samlast med kyr-
kjelyden — i Guds hus —? Eller er
du av dei som let slike høve gå i frå
deg? Anar du i tilfelle kva du går
glipp av?

Når kyrkjebladet kjem og minnar
deg so stillt om at du er: **VELKOMEN
TIL KYRKJA** — so — ta imot inn-
bydelsen — og kom og ver saman med
oss — nett no — i den tida du har fått.

Sørg for at ikkje **DIN PLASS** står
tom.

I.

Hausvik og Faugstad 1/5

Vaksdal

Telefon 3603

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam

Tfn. Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull meterverar
Strikke- jakker og gensere